

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

| Råd | Møtedato | Tidspunkt |
|--|--------------|-------------------------------------|
| Herdla sokneråd | 2.april 2014 | frå kl 18.30 - til 21.30 |
| Sak frå : 26 / 2014 Sak til: 34 / 2014 | | <u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset |
| Frammøtte: 4 av 6 medlemmer + 2 varamedlem | | |

Til stades

Medlemmer:

Karen Skråmestø, Kjell Berland, Jonas Bratli, Astrid Marie Haugland, Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Varamedlem:

Bente Breivik, Therese Ellingsund

Meldte forfall: Helge Heggernes, Martin Berland Øystese

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Underskrifter:

| | | |
|-------|-------|-------|
| | | |
| | | |
| | | |

26/2014 Referat frå møte 5.mars vart godkjent.**Sakliste:****Sak nr./år:****27/2014:** Meldingar**28/2014 Gudstjenesteliste.**

06:04: Hovudgudsteneste v/Hanne Zimmermann Ølberg og Jannicke Monstad Hana. Nattverd. Offer til eige arbeid.

18:04: Langfredagsgudsteneste v/Astrid Marie Haugland kl.11.00 Ikkje offer.

20:04: Påsdegudsteneste v/prost Erling Kopperud. Dåp og Nattverd. Offer til Det norske Misjonsselskap

27/04: Hovudgudsteneste v/Michael Møgster, Nattverd. Offer til eige arbeid.

29/2014 Medarbeidarfesten 25.april.

Vi gjekk gjennom innbydinga til festen, og soknerådet godtok denne. Kjellaug kopierer opp og legg i konvolutt til dei det gjeld.

Vi bestemte å spørje Unni Sandal om ho kan levere maten denne kvelden. Kjellaug undersøker pris og meny.

Jonas ordnar med drikke på Spar.

Soknerådet spør Ivar Eidsaa om å lage kaker.

30/2014: Trusopplæringsplanen.

Rune Øystese er Herdla kyrkjelyd sin representant i trusopplæringsutvalget.

Vi gjekk gjennom planen på nytt, og soknerådet godtek samarbeidsavtalen frå Fellesrådet om trusopplæringsarbeidet i Askøy, revidert utgåve.

Vi sender òg attende skjemaet med vedtak, sak nr. og dato.

31/2014: Den nye salmeboka.

Det var for få til stades på årsmøtet til at det blei gjort ei stemming over salmebøker eller ikkje. Difor skal vi ha eit kyrkjelydsmøte 27.april etter gudstenesta der vi gjer dette valet.

Fellesrådet betaler 40% av utgifta til bøkene, medan kyrkjelyden betaler 60%.

Vi får 75% rabatt på bøkene frå forlaget dersom vi kjøper den digitale salmeboka.

Det er snakk om 70 salmebøker, og 10 bøker med ekstra stor skrift.

32/2014: Offerliste for hausthalvåret.

| Dag | Kl. | Offer til | Type gudsteneste |
|---------------------|----------------|-----------------------------|--------------------------|
| Søndag 06.juli | 11.00 | Eige arbeid | |
| Søndag 27.juli | 12.00 | Eige arbeid | |
| Søndag 10.august | 11.00 | YA-arbeid Fauskanger | |
| Søndag 24.august | 11.00 | Eige arbeid | 6-årsboka |
| Søndag 14.september | 10.30 12.30 | Ungdomsarbeidet på Askøy | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Søndag 21.september | 11.00 | Eige arbeid. | 50-årskonfirmanter |
| Søndag 05.oktober | 11.00 | Eige arbeid. Diakoniarbeid. | |
| Søndag 02.november | 11.00 | Eige arbeid | |
| Søndag 16.november | 11.00 | Stefanusalliansen | |
| Søndag 30.november | 11.00 | Eige arbeid | Lys vaken |
| Søndag 14.desember | 18.00 | Kirkens bymisjon | Lysmesse |
| Onsdag 24.desember | 15.00 | Kirkens nødhjelp | Julafta |
| Fredag 26.desember | 12.00 | Misjonsprosjekt Senegal | 2.juledag |

33/2014: Dato for 50-årskonfirmantfesten

21.september 2014.

34/2014: Eventuelt:

Speidararbeid: Det har vore eit møte om å starte speidararbeid på nordre Askøy. Det viste seg å vere stor interesse for å starte opp eit slikt arbeid. Ønkeleg at kyrkja er synleg gjennom dette arbeidet.

Det vert nytt møte om dette på Fauskanger skole 24.april kl.19.00. Det var stort ønske om å ha andre aktivitarar for born og unge enn fotball, og då var speidararbeid eit godt tiltak.

Det vert sett i gang kurs for dei som ikkje kjenner så godt til speidararbeid frå før, og som kan tenkja seg å begynne som leiarar. Dette med tanke om å starte opp til hausten.

Vi må prøve å finne lokale.

Det kan komme motivatorar frå Bergen som kan kurse i speidararbeid.

Sommarbasaren:

Dato for sommarbasaren vert **12.juni 2014 kl.18.00**

Neste soknerådsmøte torsdag 8.mai kl.19.00 **MERK TIDA.**

Lille Fauskanger 4.april 2014

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
skrivar (sign)